

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Vår ref.:  
2009/371 - 3656/2009

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Ingvill Skogseth, 51 96 38 12

Dato:  
17.09.2009

## **Forskrift om nasjonalt vaksinasjonsprogram og endringer i SYSVAK-registerforskrifta - Høyring**

Vi viser til invitasjon til høyring om nasjonalt influensavaksinasjonsprogram og registrering av pandemivaksinasjon og anna influensavaksinasjon i SYSVAK-registeret.

### **Generelt**

Helse Vest ser behovet for å fastsette eit nasjonalt vaksinasjonsprogram i forskrift og tilplikte både kommunane og helseføretaka konkrete oppgaver knytt til vaksinasjonsprogrammet. Helse Vest RHF har spesielt vurdert vaksinerer av helsepersonell i spesialisthelsetenesta.

Vi ser det også som viktig at massevaksinerer mot ny influensa A (H1N1) i eit nasjonalt vaksinasjonsprogram opnar for at dei vaksinerer blir omfatta av pasientskadelova § 3, slik det går fram av punkt 3.4 i høyringsnotatet.

Helse Vest RHF har følgjande kommentarar basert på innspel frå helseføretaka og frå Regionalt kompetansesenter i sjukehus hygiene i Helse Bergen.

### **Pandemivaksine og plikt til å tilby vaksine**

I forslaget som no ligg føre, er det ikkje lagt inn noko plikt for helseføretaka til å tilby verken pandemivaksinasjon eller vaksinasjon mot sesonginfluensa til eigne tilsette. Når det gjeld pandemivaksinasjon synes det likevel klart at nasjonalt planverk legg opp til at helseføretaka skal gjennomføre vaksinasjonen.

**Helse Vest RHF foreslår at ved pandemisk influensa bør det være ei plikt for helseføretaka å tilby pandemivaksinasjon til eigne tilsette etter retningslinjer frå Nasjonalt folkehelseinstitutt.**

### **Vaksinasjon mot sesonginfluensa**

Nasjonalt folkehelseinstitutt har i mange år anbefalt at helsepersonell som pleier eller behandlar pasientar i risikogrupperne blir vaksinerer årleg mot sesonginfluensa. Stort sett alle somatiske

avdelingar har ein stor andel pasientar i risikogrubbene. Vaksinasjon av tilsette er vurdert til å vera eit av dei viktigaste tiltaka (etter vaksinasjon av pasientane) for å hindre influensasmitte i helseinstitusjonar.

**Helse Vest RHF foreslår at helseføretaka bør få plikt til å tilby vaksinasjon mot sesonginfluensa til eigne tilsette etter retningsliner frå Nasjonalt folkehelseinstitutt. § 3b i ny forskrift bør inkludere helsepersonell som pleier eller behandlar pasientar i risikogrubbene. Helse Vest RHF støttar også at vaksinasjon mot sesonginfluensa blir tatt inn i nasjonalt vaksinasjonsprogram.**

#### **Registrering i SYSVAK – pandemisk influensa.**

Helse Vest RHF ser det som viktig at det blir gitt informasjon om registreringa før vaksininga. Dette kan gjerast ved oppslag på vaksinasjonsstaden, slik at det i realiteten vil ligge føre eit presumptivt samtykke. Vi legg til grunn at informasjonen i stor grad er oppfatta. Slik vi ser det, er det lite truleg at mange vil reservere seg mot å bli vaksinert. Ved eventuell motstand mot registrering bør ikkje det føre til at vedkommande ikkje får vaksine. I dei få tilfella dette vil gjelde, kan det løysast ved føring på f.eks. eit vaksinasjonskort og ei lokal registrering være tilstrekkeleg.


**Helse Vest RHF støttar at vaksinasjon mot pandemisk influensa skal registrerast i SYSVAK utan krav om eksplisitt samtykke. Vaksinatorane bør påleggast plikt til å registrere vaksinasjon i SYSVAK.**

#### **Registrering i SYSVAK – sesonginfluensa**

Dette forslaget er i tråd med forslag om utviding av SYSVAK-registeret der registrering av vaksiner utanom barnevaksinasjonsprogrammet krev samtykke.

**Helse Vest RHF støttar at vaksinasjon mot sesonginfluensa kan registrerast i SYSVAK dersom den vaksinerte samtykker, og at helsepersonell har plikt til å registrere.**

Med helsing

  
Helge E. Brylle  
Konst. administrerande direktør

  
Ingvill Skogseth  
seniorrådgjevar